

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10 Fylke: Nordland  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Velfjord  
 Emne: Juletre og julehalm . Bygdelag:  
 Oppskr. av: Knut Strompdal Gard: Strompdal.  
 (adresse): Storbørja G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko av eige røynsle.  
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
 Fleire heimelsmenn.

## SVAR

1. Det er juletre no i mest kvar ein heim  
 nå i Velfjord i jula . Eg kjenner ikkje til nokon  
 der det ikkje er juletre. Der det bur fleire famil-  
 jer i same huset har kvar familje sitt eige juletre.  
 Meire sjeldan har dei meire enn eit juletre , når  
 det bur berre ein familje i huset , men det hender.  
 Dei har da eit vanlegt juletre for alle i familjen  
 inne i stua , og så har borna eit miniatyr = tre  
 for seg. Elles hender det det er juletre i kyrkja.  
 Og på juletefefestar for borna i skulestova eller i  
 privatheimar har dei og alltid juletre

2. Det første eg minnest juletre er  
 fra 1889. Det året hadde foreldra mine juletre i  
 Strompdal . Truleg var skikken med juletre komen  
 til Velfjord nokre år før , men mykje tidlegare var  
 det snaut .

3. Det var visst i heimane dei først  
 tok til å ha med skikken å ha juletre . Eg har  
 allvisst ikkje høyrte at dei brukerna juletre på  
 festar eller andre tilsteiningar i jula før dei tok  
 til å ha juletre i heimane.

4. Som alt nemnt har dei juletre alle

2

ner. Men likevel skal ein og på andre måtar og pynte til jul. Vanlegast er det vel med papirpynt. Dette er visst og noksa gamalt. Før i tida skulde det vera lys i alle roma, det skulde ingen stad vera mørkt julekveld. Det var da vanleg at lysestaka vart pynta med papir. Før parafinlampa kom i vanleg bruk var det talglys ein brukte i jula, men og etter parafinlampa kom i bruk var det vanlege at det julekveld skulde brenna talglys julekveld, og serleg dei lysa som stod på julebordet skulde vera pynta. Dei klippte til papirband i smale strimler som dei batt kring talglyset nede ved lysestaken. Hyllor og liknande vort og vart og før i tida pynta med utklippte border av papir. Dei papirband som skulde pynte julelys skulde vera klippte berre eit stykke nede, nærst skulde det vera heilt for å rullast kring lyset. Kvister av gran, furu eller einar har eg ikkje høyrte vorte sett opp i jula. Ein og annan har kanskje nakka og strødd einar på golv i jula etter det vart slutt med å na halm på golvet, men det er ein skikk som truleg først og fremst høyrde sumaren, og framom anna tid jonsok, til. Til julepyntninga høyrde og å vaske og saure overalt. På julebordet skulde det vera duk. Og blomsterpottene i glasa skulde verta pynta med papir. Til fot på juletreet vart det nytta anten eit kors av tre eller ein stabbe det var bora eit hol i midten på. Juletreestabben vart av og til og pynta med papir. Skikken å pynta med papir er sikkert eldre enn skikken å na juletre og den er i bruk enda.

Skikken med å pynte med halmkroner er og kjent, men har visst ikkje vore brukt noko mannjant.

. fot under juletreet har dei ein juletrekors eller ein juletrestable , vanlegast er vel korsen.

Men storleiken av juletreet er noko etter kor stort rom ein har til det inne i stua. Some stader kan dei ha det staande oppe pa eit lite bord. Andre stader står det pa ein krakk , eller dei slar opp eit tvertre borte i ei kra og plaserar juletreet der. Storleiken av juletreet vert da noko etter kva stad det skal stå pa.

7. Pynten pa juletreet har skift ikkje lite sidan det først kom i bruk. I 1890 var det mest berre heimelaga roser og heimelaga papirkorger juletreet var pynta med forutan lysa . Det var da vanleg dei hadde godmat i papirkorgene i juletreet. No er det mest berre kjøpespynt som vert nytta dei fleste stader. Det er ei stjerna eller eit spir øvst og så ei rekke glaskugler og englehar og mangt ~~likn~~ liknande anna nedetter juletreet. Ei tid i nittiara ha dei forutan godmat i papirkorger og hengt opp spekulias og anna smabrød i juletreet. Det var med tanke pa borna.

Lys har det alltid vore pa juletreet , og mange nei det for a vera viktugaste pynten. Fra først støypde dei sma vaiglys til det bruket og dei vart bunde fast til greinane pa juletreet med trad. No kjøpar ein starinlys , juletrelys, og setter i lyseklipor dei kallar som dei kjøpar. Ingen held det for a vera juletre der det ikkje er lys . Forma av treet , at det er friskt grøn, og at det er nok lys i det er dei krava folk mest sett til eit vakkert juletre.

4

No er det ~~xxx~~ sjeldan å sjå ei halmkrone opphengt .  
Slike halmkroner vart kalla St. Hans ~~leik~~ leiker .  
Skulde altså etter namnet å døma helst høyra Jonsokk  
til , men her vart dei visst bunde like mykje til  
jul. Dei vart bunde av halmstra med ein noko stor  
ottekanta terning i mitten og med seks sma otte =  
kanta terningar ikring , og så var det ein litt  
større ~~leik~~ ottekanta terning øvst . Leiken hang  
i ein trad under ~~leik~~ loftet og det som sermerste  
den var at han var i stadig rørsle. Han vart all=  
visst ~~lite~~ nengt over bordet , men han kunde og  
nenga andre svader inne i stua . Dette er dei halm=  
kronene eg har sett , om det var andre modeller veit  
eg ikkje. Mogleg dei hadde kroner med enda fleire  
terningar på.

5. Juletreet har visst ikkje ført med  
seg noko nemnande skifte i dei andre skikkar å pynte  
til jul på . Derimot har nå meire moderne byggemå=  
tar med finare innreiding inne i husa ført til , at  
det har vorte mindre av dei gamle måtar å pynte til  
på . Det er det gamle som lyt vika for det meire  
moderne. Som alt før nemnt er St. Hans leiker no  
eit sersyn å sjå. Etter det Grete Fjellet og andre  
har fortalt var dei meire vanlege før. At det var  
meire vanleg før enn no å pynte med papirstrimler  
og papirborder er heilt sikkert. Talglysa er borte  
no er det stardinlys . Og så brukar folk kolørte  
stardinlys utan pynt av papir.

6. Det vanlegaste er visstnok , at  
juletreet er så stort , at det står på golvet og  
nær med toppen opp mot loft, berre så det er rom til  
toppspirot eller til toppstjerna under loftet. Til

12. Ved juletefestar vert juletreet teke ned strakst etter at festen er halden. I heimane er det vanleg skikk at juletreet skal stå inne til det er slutt med jula. Some segjar det er trettandag, andre segjar det er tjuandag. Som regel vert juletreet teke ned strakst etter at jula er slutt.

13. Nar dei skal taka ut juletreet tek dei først pynten av, lysa er til vanleg oppbrente. ~~Øxi~~ Nar dei er ferdig med det vert treet utbore. Juletrepynten vert innpakka og gøymd til neste jul. Å ha ut juletreet kallar dei å taka ned juletreet. Borna får vera med å sjå på, eldre born får og lov til å hjelpa til, men elles er det dei vaksne som gjer arbeidet. Før fekk borna meire vera med i arbeidet med å taka ned juletreet, det var ingen varsame glaskugler da å taka omsyn til. Og så var det godmat dei kalla i juletreet og den var tiltenkt borna, så desse var nokså intereserte i å få vera med i nedtakinga av juletreet. No får borna julegottar på andre matar. Ved juletefestar er det ikkje minst julenissen som kjem med frukt og anna julegott. At det vart slutt med å ha julegottar i juletreet kom nok noko av, at folk tykte det var mindre apetitleg for borna å eta gottar som hadde henkt så lenge i eit juletre inne i stua. At borna no skal hausta juletreet er det no heilt slutt med. I den tida da dei hadde gottar i juletreet var det ikkje sjeidan at ved ymse høve som når dei fekk vitjing av andre born at dei fekk taka og eta av julegottane i juletreet. Men den store haustingsdagen kan ein segja var da juletreet vart nedteke. Men uttrykket hausta juletreet har nok ikkje høyrte til i

6

o. Det er dei vaksne som pyntar juletreet, men av og til far borna hjelpa til med pyntinga.

9. Kor det star er alt nemnt noko om under punkt o . At det far sta fritt på golvet er meire sjeldan , dei er til vanleg for små roma i husa til det. Om juletreet vert plasert på golvet star det til vanleg borte ved veggen for å taka mindre rom. Berre ved tilstelningar som juletefestar for born vert juletreet plasert fritt borte på golvet. Sja elles svaret til punkt seks.

10. Lysa på juletreet vart tent juleaftan. Elles vart dei tende juledags kveld , nyarsaften , trettandagsaftan og tjugandedag. Men elles kunde dei verta tende andre dagar og. Serleg om det kom nokon på vitjing skulde juletreet tendast , så dei fekk sjå korleis juletreet såg ut. Tilhøva kan ha skift noko no. Some heid jula for slutt med trettan- dag og brenn ikkje lysa på juletreet lenger, men andre lett juletreet vera inne til tjuandagen har vore .

11. I heimane er det sjeldan dei pla ga kring juletreet og synge . Det har vore så fra første tid. Men den første tida var det så, at når lysa på juletreet første gongen vart tent , så skulde alle som høyrde huset til samlast inne i stua og synge julesalmar og julesongar. Det er nok gått mykje til atters med denne skikken. Det var salmane som stod i salmeboka som vart sunge før i tida, meire sjeldan hadde dei småsongbøker dei song i . Some stader har dei halde vedlike denne skikken. På til- stelningar som juletefestar for born pla dei gå kring juletreet og synge julesongar og ei og anna julesalme.

7  
i dialekten her det ein kan segja , berre nytta ein og annan gongen etter paverknad av det ein hadde lest.

14. Til juletre vert alltid nytta gran.

15. Noko slag erstating for juletre har ikkje vore brukt i Velfjord det eg har høyrte . Her er da sa rikeleg med granskog , at noko erstating og er heilt uturvande.

16. At dei brukte setja opp noko tre ute pa marka juleaftan har eg ikkje høyrte noko visst om . Ved gravøi vart det mest alltid sett opp to grantre attmed utgangsdøra , eit pa kvar sida av døra. Det er mogleg at noko liknande kan vera gjort ved ymse andre høgtider i livet saleis og jula , kanskje saleis at det har vore sett barkvistar opp ovan utgangsdøra . Men eg har ikkje truffe nokon som har kunna segja noko visst om dette . Til juleneget vart det allvisst ikkje nytta . Det vart alltid sett fast til ein staur , som vart fastsett oppe pa eit husmøne som pa staburet, eller og pa ein staur som stod fritt ute pa tunet .

#### Julenalm.

1. Elen Strømpdal fødd 1853 fortalde , at i hennar barndom var det vanleg dei bar inn halm juleaftan og sov pa den julenatta. Men no er det sa lenge sidan det vart slutt pa den skikken , at det er visst ingen som retteleg minst han av sjølvroynsle. Men det er mange som har høyrte foreldra eller anna gamle folk fortelja om det.

2. Eg har ikkje høyrte fortalt om at dei bruk=

8  
ar noko serlege vondlar nar dei bar inn halmen .  
Men det er lite tradisjon om det tilhøve a finna.

3. Halmen vart lagt på golvet saleis at  
ein skulde ligja på han , vart då vinst breidd ut=  
over som til ei anna seng .

4 . Ein skulde sova på halmen juleatta.  
Det var òg for a minnast at Jesus vart fødd i ein  
stall og vart lagt i ei krubba med høyr og stra at  
ein skulde gjera det, segjar dei gamle. Elen Stromp=  
dal fortalde , at juleaftan skulde ingen legja seg  
i ei vanleg seng, ein skulde helst vera oppe , men  
ein kunde og legja seg i halmen og sova noko.

Åksei Høyvik fortel at i heimen hans var det ga=  
malt sa , at dei skulde legja seg tidleg juleaftan,  
men dei gjekk ikkje og la seg i dei vanlege sengene  
sine, dei bar inn halm og lag i . Juledags morgon  
skulde golvet sopast , fortalde Elen Strompdal, og  
sa vart det leita etter korn under bordet . På dei  
sag ein korleis aret kom til a verta. Den skikken  
er det framleis mange stader, at til jul skal ein  
ha ny halm i sengane . Det er vanleg med halm i  
sengene og denne vert av og til bytt, saleis vanleg  
til jul . til a bera inn halmen i nar eg sett kven=  
desjøre verta brukt some stader . Men om det kjem  
av gamal tradisjon veit eg ikkje. For det var og  
andre matar a bera inn halmen på .

4102

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING